

Revider mandat

## «Prosjekt kulturlandbruk»

1. Målet med prosjektet er å skissere ein modell for eit langsiktig og berekraftig forvaltnings/driftsregime som kan oppretthalde hovudtrekka i det autentiske og historiske kulturlandskapet i delområda av Vestnorsk fjordlandskap med UNESCO status.
2. Prosjektet er eit forprosjekt som skal munne ut i ein norsk pilot for kulturlandbruk etter mønster frå m.a. Sveits. Kulturlandbruk vert i denne samanheng definert som eit småskala , husdyrbasert og arbeidsintensivt landbruk, der landskapspleie er eit sidestilt føremålet med produksjonen av fiber og mat.
3. Prosjekteigar er Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR). Leiar, nestleiar og sekretær for VAR er styringsgruppe for prosjektet. Styringsgruppa skal nemne opp ei referansegruppe med representantar frå landbruksnæringa, forvaltninga, frivillige organisasjonar m.m. som skal jobbe tett opp i mot prosjektleiinga i gjennomføringsfasen.
4. Styringsgruppa skal engasjere fagekspertise frå FOU-miljø til prosjektleiing. Ein føreset at prosjektleiinga har inngåande kunnskap til praktisering av kulturlandbruk frå andre land.
5. Prosjektet er tenkt finansiert som eit spleiselag mellom stat (KLD/fylkesmenn), kommunar (primærkommunar /fylkeskommunar) og verdsarvorganisasjonar /verneområdestyre. Styringsgruppa skal sette opp budsjett og søkje finansiering av prosjektet. Arbeidet skal starte opp så snart finansieringa er i orden. Målet er å legge fram rapport for VAR våren 2019.
6. Styringsgruppa for prosjektet skal parallelt - og kontinuerleg - jobbe opp i mot relevante politiske styresmakter med sikte på å styrke og utvide gjeldande tiltaksplan for verdsarvlandbruket. Dette for å bremse ei ytterlegare nedbygging av husdyrhaldet inntil meir robuste tiltak kjem på plass som resultat av eit eventuelt hovudprosjekt.

Lærdal...